



Vaksdal kommune  
Konsul Jebsensgata 16  
5722 DALEKVAM

Vår dato:	12.04.2021	Vår ref:	2021/4810
Dykkar dato:	22.03.2021	Dykkar ref:	21/238 - 21/2758

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

## Høyringssvar - Vaksdal - lokal forskrift om frist for spreiling av husdyrgjødsel - innkorting av spreiefrist

Vi viser til høyring av forskrift. Under følgjer innspel frå Statsforvaltaren i Vestland.

For nokre område i Bergsdalen og Eksingedalen er det vanskeleg å oppnå god vasstilstand grunna redusert vassføring etter vasskraftutbygging. Det blir då mindre vatn i vassdraget, og ein får ikkje den uttynningseffekten av næringsavrenning frå jordbruksområdet som ein elles ville fått. Det er difor behov for ekstra tiltak knytt til gjødsling i desse områda.

### Vi rår til handtering med enkeltvedtak

I forslaget om ny forskrift legg kommunen opp til utsett spreiefrist til og med 15. september for nokre område.

Statsforvaltaren meiner det er mest ønskjeleg å halde på frist 1. september for gjødselspreiling utan nedmolding for å sikre ny grasvekst og hausting før vinteren. Dette er i tråd med nasjonal forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav (*forskrift om organisk gjødsel*). Gjødsling fram til 15. september kan medføre auka risiko for tap av næringsstoff grunna liten grasvekst, vanskelege innhaustingforhold og mykje nedbør. Spreiefristen er viktig for å nå målet om at husdyrgjødsel og silopressaft kan nyttast som ein ressurs og at ein skal førebygge forureining, jmf føremålsparagrafen i *forskrift om organisk gjødsel*.

Vi rår til at behov for gjødselspreiling seinare enn 1. september blir handtert som enkeltvedtak. Sjølv utan ei lokal forskrift med utsett frist vil det alltid vere mogleg å kunne gi utsett frist med enkeltvedtak, jmf *forskrift om organisk gjødsel*. Ein kan då setje meir tilpassa vilkår for å redusere risikoen for påverknad. Enkeltvedtak er såleis meir eigna til å unngå negativ påverknad av ein eventuell sein haustgjødsling.

Enkeltvedtak vil òg gi betre grunnlag for å følgje opp utviding av lagerkapasitet. For føretaka kan manglende lagerkapasitet for husdyrgjødsel vere ein vanleg årsak til ønske om utsett spreiefrist, slik



det er omtalt i kommunen si vurdering. Agronomisk sett er det sære sjeldan behov for gjødselspreiing etter 1. september for å gjødsle til avling som skal bli hausta.

### **Vasskvalitet er eit vilkår for at kommunen kan gi utsett frist**

*Forslaget om ny forskrift er vurdert ut frå vasskvalitet og klimatiske tilhøve.*

Dersom kommunen ønskjer å gi utsett frist i form av lokal forskrift i staden for å handtere behov for haustspreiing som enkeltvedtak, støtter vi kommunen sitt forslag om ulik handtering av ulike område avhengig av vasskvalitet og klimatiske tilhøve. Kommunen har ikkje heimel til å gi utsett frist for gjødselspreiing der det er dårleg vasskvalitet, jmf *forskrift om organisk gjødsel* § 23, 3. ledd.

Statsforvaltaren meiner at eventuelt utsett frist i lokal forskrift ikkje kan gjelde vassførekomstar med stor eller middels påverknad frå jordbruksavrenning, og der det er behov for tiltak for å nå måla om vasskvalitet. Tilhøve knytt til bruk av husdyrgjødsel er då årsak til dårleg vasskvalitet eller risiko for dårleg vasskvalitet. I vasstiltaksarbeidet er måla å minimum oppnå god økologisk tilstand og å unngå forverring av tilstand. Vi rår difor til at forskriftsfesta utsett frist for spreiing av husdyrgjødsel ikkje gjeld jordbruksareal knytt til følgjande vassførekomstar:

061-235-R      Bergsdalselvi

063-190-R      Eksingedalsvass-draget - midtre Lavik-Nese

Dette er i tråd med kommunen sitt forslag. I vasstiltaksarbeidet er det òg foreslått tiltak knytt til miljøvennleg gjødselspreiing og utviding av lagerkapasitet for husdyrgjødsel i desse områda.

I omtalt brev som Statsforvaltaren (då Fylkesmannen) sendte til Vaksdal kommune 29.6.2020 omtalte vi i tillegg to andre vassførekomstar. Til informasjon er desse no vurdert til å heller ha liten grad av påverknad frå jordbruksavrenning, jmf oppdaterte registreringar i [Vann-Nett](#).

Det er positivt at kommunen òg har vurdert utsett spreiefrist i høve til sårbare vassdrag med laks og sjøaure, og der det er liten grad av påverknad frå jordbruksavrenning.

I tillegg til dei vilkåra til lokal forskrift som følgjer av *forskrift om organisk gjødsel* har kommunen òg krav om å treffe vedtak om gjennomføring av tiltak for å følge opp regional vassforvaltingsplan, inkludert bruk av mynde innan landbruksforvalting og forureining.

### **Vi rår til å forby nedmolding om hausten, knytt til forureiningssituasjonen**

*Det er ikkje foreslått forbod mot spreiing utan nedmolding / nedfelling i perioden 1. september til 1. november.*

I område med alvorleg forureining eller fare for alvorleg forureining rår vi til at kommunen innførar forbod mot gjødselspreiing med nedmolding / nedfelling etter 1. september, jmf heimel til dette etter forskrift om organisk gjødsel § 23, 4. ledd. Ein bør unngå nedmolding av organisk gjødsel om hausten, då dette vil gi større fare for næringsavrenning og erosjon enn gjødselspreiing utan nedmolding. Dette er særleg aktuelt no når ein ser meir ustabilt vinterklima og aukande nedbørsintensitet, gjerne i takt med endringar i klimatiske tilhøve.

### **Lokal forskrift bør ha konkrete vilkår for å nå målet**

*I forslaget er det sett vilkår for gjødselspreiing etter 1. september: maksimalt 3 m<sup>3</sup> gjødsel per dekar, minst 10 meter utan gjødsling mot vassdrag og å ta omsyn for å redusere fare for erosjonsskader og avrenning.*



Kommunen har heimel til å setje vilkår ved utforming av lokal forskrift. Vi meiner at slike vilkår er viktige for å nå mål om å unngå næringsavrenning og forureining. Vi meiner at 3 m<sup>3</sup> gjødsel per dekar er mykke, og rår til at ein vurderer om den maksimale mengda etter 1. september heller kan vere 2 m<sup>3</sup> per dekar.

Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær  
ass. landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*